



Saksbehandlar: Gitte Halvorsen

Kommunedirektør: Halfdan Krohn-Brekke

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Vilt- og fiskeutvalet	21.04.2026

Kvotefri jakt på hjortekalv 2026 - søknad om dispensasjon frå § 18 i hjorteviltforskrifta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune vedtar å ikkje søke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2026/2027.

Vilt- og fiskeutvalet 21.04.2026:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 005/26 Vedtak:

Vindafjord kommune vedtar å ikkje søke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2026/2027.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


Kommunen har mottatt brev frå Landbruksdirektoratet (av 13.04.2026) om høve til å søke om kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2026/2027. Utdrag frå brevet:

«Kommuner som opplever interesse- og arealbrukskonflikter knyttet til tette hjortebestander, kan søke Landbruksdirektoratet om kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2026/2027.»

«Det er store hjortebestander i deler av landet, og i enkelte områder skaper dette betydelige interesse- og arealbrukskonflikter. Dette gjelder særlig blant aktivt næringsdrivende i landbruket langs kysten. En videreføring av ordningen med fri avskyting av hjortekalv er godt mottatt av næringsorganisasjonene, og erfaringene fra tidligere jaktsonger er bra. Landbruksdirektoratet mener det er behov for ei evaluering av hvordan den kvotefrie jakta på hjortekalv har fungert de siste årene, og hvordan dette eventuelt bør innrettes i årene som kommer. Av kapasitetshensyn har vi ikke hatt mulighet til å gjennomføre ei evaluering før jaktåret 2026/2027. Derfor velger vi å videreføre ordningen fra tidligere.»

Fristen for å søke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/2026 er 15.mai 2026. Søknaden skal innehalde kommunen si vurdering av særskilte behov for kvotefri jakt på kalv. Søknaden blir handsama av Landbruksdirektoratet etter føresegna om dispensasjon i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 37.

Vindafjord kommune har i fleire år hatt som mål å stanse bestandsveksten og redusere bestanden av hjort. Som eit ekstra verktøy for å stanse bestandsveksten, søkte kommunen om og fekk godkjent å tildele kvotefri jakt på hjortekalv i åra 2022, 2023 og 2024. Tal felte dyr var på sitt høgaste i 2022 og 2023 med 1126 og 1129 felte dyr. Det tredje året med kvotefri kalv falt tal felte dyr til 1043, jf. fig. 1.



Figur 1: Tildelte og felte hjort 2019-2025 (raud/blå strek)

Med bakgrunn i statistikken for tal felte dyr og innspel vurderte kommunen i 2025 at det ikkje var naudsynt å nytte kvotefri jakt på kalv jaktåret 2025/2026 for å halde fram bestandsreduksjonen, men at det ville vere tilstrekkeleg å nytte dei ordinære verkemidla, som tidlegare, for å nå forvaltningsmåla. Kommunen vedtok å ikkje søke om å få tildele kvotefri jakt på hjortekalv i 2025. Tal felte dyr gjekk vidare ned til 938 i 2025.

Vurdering

Tal felte dyr har no gått ned to år etter kvarandre. Dersom fellingsstatistikken gir eit rett bilete av bestandsutviklinga, kan det sjå ut som at tiltaka kommunen har nytta, deriblant kvotefri jakt på kalv, så langt har fungert.

Med bakgrunn i tala over ser ikkje kommunedirektøren behov for å nytte kvotefri jakt på kalv i 2026/2027 for å halde fram bestandsreduksjonen, men at det vil vere tilstrekkeleg å nytte dei ordinære verkemidla, som tidlegare, for å nå forvaltningsmåla.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Med bakgrunn i saksutgreiinga rår kommunedirektøren til at Vindafjord kommune ikkje søker om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2026/2027.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (2016)